



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Møterom 144, Volda rådhus
Dato: 11.03.2019
Tid: 10.00 – 11.15

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ronald Hagen	Leiar	
Solfrid Førde	Nestleiar	
Ragnhild Folkestad	Medlem	

Faste medlemer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Torill Rødven Eide	Medlem
Inge Alexander Bruheim	Medlem
Jørgen Holte	Medlem
Bjørn Ytrestøyl	Medlem. Ikkje meldt avbod.

Vara som møtte:

Namn
Anne Helen Sundalsfoll
Inger Gjengedal Håvik
Jan Heltne

Frå Vest Kontroll møtte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar
Karoline Sighaug	Konsulent

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon møtte:

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møtte:

Namn	Stilling
------	----------

SAKLISTE

- SAK 01/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
MØTEPROTOKOLLEN
- SAK 02/18 GODKJENNING AV MØTE PROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 03/18 MELDINGAR
- SAK 04/18 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2018
- SAK 05/18 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2018
- SAK 06/18 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2019
- SAK 07/18 KONTROLLRAPPORT – ÅRSRAPPORT 2018
SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN
- SAK 08/18 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019
- SAK 09/18 PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
01/19	033	25.01.2019	11.03.2019	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Ragnhild Folkestad.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
02/19	049	25.01.2019	11.03.2019	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 28.11.2018.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 28.11.2018.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
03/19	033&17	05.03.2019	11.03.2019	KS/JS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Frå bladet Kommunal økonomi, desember 2018: «De nye reglene om rabatter i arbeidsforhold».
2. Frå bladet kommunerevisoren, desember 2018: «Endringer i kommuneloven – med vekt på regnskapsrevisjon».
3. Sivilombudsmannen, publisert 08.01.2019 «Lukking av møter i kommunestyret og formannskapet».
4. Melding om politisk vedtak –Selskapskontroll av Volda og Ørsta reinhaldsverk (VØR) – plan
5. Melding om politisk vedtak – forvaltningsrevisjon –sjølvkost vatn og avløp.
6. Fagkonferanse og årsmøte 2019.
7. E-post «Invitasjon til høring – ny kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift».
8. E-post «FKT – Høringsutkast – Veileder – Kontrollutvalgets påse-ansvar ovenfor regnskapsrevisor».
9. Melding om politisk vedtak – val av nye varamedlemer i kontrollutvalet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
04/19	033&58	29.01.2019	11.03.2019	KS

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2018

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysing

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenter finn ein på Volda kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på www.vor.no.

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Forvaltningsutvalet	20.11	11.12
Eldrerådet	19.11	
Formannskapet	20.11	27.11 04.12
Råd for likestilling av menneske med nedsett funksj.	19.11	
Klagenemnda		
Kommunestyret	08.11	29.11 13.12
Ungdomsrådet	(07.11)	20.11 05.12
Valnemnda	27.09	
Valstyret		
Administrasjonsutvalet		
Fellesnemnd for nye Volda kommune	01.11	06.12
Tenesteutval for oppvekst og kultur	21.11	(12.12)
Tenesteutval for helse og omsorg	21.11	(12.12)
Partsamansett utval Nye Volda		
Valstyret nye Volda kommune	01.11	
VØR styret	17.09	
VØR representantskapet		09.10

Merknad: Datoane i parentes er møter som er blitt avlyst.

Datoane med rødt skrift er det ikkje lagt ut protokoll til.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
05/19	033	25.01.2019	11.03.2019	KS/JS

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2018

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2018 til vitende.

Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2018. Utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagd årsmelding for kontrollutvalet 2018.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
06/19	033	04.02.2019	11.03.2019	KS

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2019

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet fastset møteplanen i samsvar med framlegget.

Vedlegg

Detaljert møteplan for kommunen og totalt for Vest kontroll.

Saksopplysningar

I 2019 er det i tillegg til 11. mars sett opp møte 9. mai, 27. juni, 2. oktober og 20. november.

11. mars 2019 vert det fellesmøte med kontrollutvalet i Hornindal kl. 12.30 på Grodås.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
07/19	232	04.03.2019	11.03.2019	KS

KONTROLLRAPPORT – ÅRSRAPPORT 2018 SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

Samrøystes vedtak/uttale

1. Kontrollutvalet forventar at skatteoppkrevjaren oppfyller kravet til talet på arbeidsgivarkontrollar. Tilstreккеlege resursar må avsetjast til arbeidsgivarkontroll.
2. Kontrollutvalet har elles ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren sin årsrapport, Skatterekneskapen og Årsmeldinga for interkommunal arbeidsgivarkontroll 2018.

Vedlegg

- Kontrollrapport 2018 frå Skatteetaten, av 15.02.2019
- Årsrapport 2018 Skatteoppkrevjaren, av 20.01.2019
- Årsrekneskap 2018 for skatterekneskapen, av 20.01.2019
- Årsmelding Interkommunal arbeidsgivarkontroll 2018, av 17.01.2019

Saksopplysningar

Det vert vist til kontrollrapporten frå Skatteetaten, årsrapporten frå Skatteoppkrevjaren og skatterekneskapen.

Fylgjande kjem fram av vedlagde dokument og særleg skatteetaten sin kontrollrapport:

Tilfredsstillande:

- Overordna internkontroll
- Rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av årsrekneskapen
- Utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane.
- Utføringa av arbeidsgivarkontrollen

Ikkje tilfredsstillande:

Arbeidsgivarkontroll er ikkje utført i tilstrekkeleg omfang, 3,1% (10 kontrollar mot krav på 16) (1,8% i 2017 og 4,1 % i 2016), medan kravet er 5%.

Skatteoppkrevjaren skriv i sin årsrapport for 2018 at årsaka er at fleire av kontrollane er utført i samband med konkurs- eller tvangsavviklingssaker. Det har gått med relativt store ressursar til gjennomføring av desse kontrollane. I tillegg har fleire av lønnsrevisorane slutta det siste året, som igjen har medført til at det har gått relativt mykje tid til opplæring av nye kontrollørar.

Innkrevjinga:

- Restskatt personlege skattyttarar 2016 ligg 3,4% under resultatkravet. Dette skyldas i følge skatteoppkrevjar relativt stor avdekking av arbeidsgivarkontrollen på inntekter unndratt beskatning. Det er i 2018 fastsatt endra skatteoppgjer på desse og innkrevjinga mot fleire av dei er vanskelege.
- Restskatt upersonlege ligg på 1,2% bak resultatkravet. Dette forklarar skatteoppkrevjar i hovudsak skyldast restanser knytt til konkurs som ikkje er avslutta.

Skatteinngangen:

- Kommunen sin del av skatteinngangen i 2018 er kr 222 531 548. I 2017 var skatteinngangen kr 209.347.313. Dvs. ein auke på kr 13 184 235, eller om lag 6,30 %.
- Budsjettert skatteinngang for 2018 var kr 218,1 mill. medan reell skatteinngang var 222,5 mill. Meirinntekt på skatt vert då 4,4 mill.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
08/19	033&58	04.03.2019	11.03.2019	KS

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2019

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Saksopplysing

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Volda kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på www.vor.no.

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Forvaltningsutvalet	15.01	29.01
Eldrerådet	11.02	
Formannskapet	22.01	05.02
Råd for likestilling av menneske med nedsett funksj.	11.02	
Klagenemnda	22.01	
Kommunestyret	14.02	
Ungdomsrådet	16.01	13.02
Valnemnda	14.02	
Valstyret		
Administrasjonsutvalet		
Fellesnemnd for nye Volda kommune	10.01	07.02
Tenesteutval for oppvekst og kultur	30.01	
Tenesteutval for helse og omsorg	07.02	
Partsamansett utval Nye Volda		

Valstyret nye Volda kommune

VØR styret

VØR representantskapet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
09/19	217	05.03.2019	11.03.2019	KS

PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT TENESTEYTING HEIMESJUKEPLEIE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeide forvaltningsrevisjonsprosjekt Tenesteyting i heimesjukepleie i samsvar med prosjektplanen. Jamfør diskusjonar i møtet som revisor Moltu tek opp med forvaltningsrevisor.

Vedlegg

Prosjektplan – Tenesteyting i heimesjukepleie. Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 29.11.2018.

Saksopplysningar

Kontrollutvalet gjorde i sak 38/18 vedtak om at revisjonen skal utføre eit forvaltningsrevisjonsprosjekt på helse/pleie/omsorg, og ber revisjonen utarbeide prosjektplan til neste møte, då med utgangspunkt i diskusjonane (heimesjukepleia) i møtet.

Prosjektplanen ligg no føre med slik problemstilling:

Yter heimesjukepleia tenester i samsvar med enkeltvedtak.

Møtet slutt.

Ronald Hagen
Leiar

Ragnhild Folkestad
Medlem

Møteprotokollen går til:

**Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte**